



Ordfører Synnøve Solbakken ved Arsnes-opninga. (Foto: Geir Remme)

**Ordfører Synnøve Solbakken er som næringslivet for ein indre, ferjefri stamveg mellom Stord og Bergen. Det gjorde ho klart i formannskapet etter at Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet, Uskedalen) hadde utfordra henne i siste møte, opplysar HusnesNett,**

Ordføreren peika på at ein slik veg via Tysnes og Fusa vil vera det største ferjeavløysingsprosjektet i Noreg og at det vil gje 25 minuttar kortare reisetid.

Det vil og knyta saman Hardanger, Bergensområdet og Sunnhordland på ein langt betre måte enn i dag og bli ei løftestang for næringslivet i området.

Statens vegvesen har nyleg lagt fram 7 alternativ for vegen. Når rapporten er klar 1. mars og sendt til kommunane vil også dei gje uttrykk for si meining.

Torfinn Myklebust seier i ein kommentar til svaret frå ordfører Solbakken at han finn det positivt at ho markerar det tidlegare synet til kommunen. Det gjekk inn for E39 på austsida av Tysnes.

Ei slik markering trengs i desse dagar når ein skilde andre Sunnhordland-ordførarar spreier tvil om dette er eit rett traseval. Myklebust siktar her til mellom andre Eskeland på Stord, Njåstad i Austevoll og Søviknes i Os.

- Men heilt nøgd er du likevel ikkje med svaret frå Solbakken?

- Eg undrast på kva ho meiner om tilknytningssambandet vestover til stamvegen. Den sa ho ikkje noko om i kommunestyret. Mange tolkar det difor slik at ho framleis er for at veggen skal gå over Halsnøy og med ferje til Skjersholmane også etterat bompengane for tunellen er nedbetalt. Eg meiner ordføraren bør vera klok og gå inn for Beltesnes-Laukhamar.. Det er det mest framtidsretta og det beste for Kvinnherad, seier Torfinn Myklebust.

Av Kristian Hus, HusnesNett og Ola Matti Mathisen, uskedalen.no